
PROTOKOLL FRÅ HØLEN OG SÅNER VELS ÅRSMØTE FOR 2018

Hølen Kafe 14. februar 2019

Møtet vart opna av leiar i Hølen og Såner vel, Even Fyhri

Sak 1 Konstituering

- Val av ordstyrar, referent og to til å underteikne protokoll

Forslag: Even Fyhri som ordstyrar
Marianne Brattås som referent
Stig Slaatun og Janne Carlsen som protokollunderskrivarar

Vedtak: Forslag vedteke

- Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent og årsmøtet satt med 15 stemmeberettiga

Kommentar: Innkallinga bør hengast opp på oppslagstavler neste år

Sak 2 Årsberetning

- Stiftelsen Elverhøy si årsberetning vart lagt fram av Per Hoel.

Vedtak: Årsberetninga tatt til etterretning

Kommentar: Styret i Stiftelsen Elverhøy beslutta på styremøte 05. 12. 2018 at stiftelsen skal avviklast og Foreningen Villa Elverhøy opprettast. Eit avviklingsstyre er godkjent av Vestby kommune og Lotteri- og stiftelsestilsynet. Stiftelsen opphøyrer 28. februar 2019 og 1. mars tek Foreningen Villa Elverhøy over drifta av Elverhøy.

- Hølen og Såner vel si årsberetning vart lagt fram av styret i felleskap.

Vedtak: Årsberetninga tatt til etterretning

Kommentar: 17. komiteen kunne informera at det er kome i stand ein avtale med Vestby kommune at gatefeing skal skje før 17. mai. Vestby Turlag skal arrangera to fellesturar i Hølen med lokale guidar. Sandblåsing og måling av Hølenviadukten skal gjerast i sommarhalvåret og det må forventast ein del støy i den perioden. Arbeidet med trafikksikring genererte debatt .

Sak 3 Revidert rekneskap

Kasserar Helge Valvik la fram revidert rekneskap.

Vedtak: Rekneskap er godkjent

Kommentar: Velet bruker mykje tid og pengar på å få eksisterande medlemmer til å betala kontigent for nytt år. Frå 2019 vil medlemmar bli fakturert i VIPPS eller med papirfaktura.

Sak 4 Vedtektsendringar

Punkt 6 Styret velger selv nestleder og sekretær. Styret kan opprette underutvalg etter behov. Leder og kasserer innehar stiftelsens signatur.

«Leder og kasserer innehar stiftelsens signatur» skal erstattast med « Leder og kasserer innehar velets signatur.» i vedtektene

Punkt 7 Årsmøtet velger tre representanter med personlige varamedlemmer til Stiftelsen Elverhøy. Disse velges for fire år av gangen, og følger kommunestyreperiodene.

Punktet skal strykast i forslaget til nye vedtekter. Punkta 8-13 får såleis nummer 7-12 i dei endelege vedtektene.

Styret i Hølen og Såner vel får fullmakt til å utpeika inntil tre styremedlemmar til styret i Foreningen Villa Elverhøy som skal sitja fram til velet sitt årsmøte for 2019.

Hølen og Såner vel ivaretar arkivet etter Foreningen for barn og unges vel i Hølen i minst 10 år

Resterande eller kommande kostnader knytta til Foreningen for barn og unges vel i Hølen eller overføring av midlane frå FBH skal dekkast av Hølen og Såner vel ved bruk av midlar overført frå FBH

Vedtak: Styret sitt forslag til nye vedtekter er godkjent med endringar og protokolltilføyningar

Sak 5 Innkomne saker

I Innkjøp og utandørs montering av hjartestartar sentralt i Hølen.

Vedtak: Styret sitt forslag om at styret skal handsama saka vidare vart vedteke.

II Fyrverkeri på Hellige Trekongersaften. Kan tradisjonelt fyrverkeri erstattast med med lydsvakt fyrverkeri eller lasershow?

Vedtak: Styret sitt forslag om at styret saman med Hellige tre kongerskomiteen handsamar saka vidare vart godkjent med 10 stemmer for, 1 blank og 4 i mot.

III Velet søker 15 000 kr fra fondet for Barn og Unges vel i Hølen til hest og kjerre på Julegateåpninga og fyrverkeri på Hellige tre kongersfeiringa.

Benkeforslag frå Ole Thomas Evensen:

Styret i Hølen og Såner vel kan disponera inntil 50 000 kr til for eksempel hest og kjerre og fyrverkeri.

Styret trekk forslaget sitt

Vedtak: Benkeforslaget er godkjent

Sak 6 Valg av styre, valkomite og revisor

Leiar av valkomiteen Truls Johnsen legg frem komiteen si innstilling

Forslag til nye medlemmer i styret i Hølen og Såner vel

Verv	Navn	Velges for
Leiar	Even Fyhri	1 år
	Bjørn Ravnestad	2 år
	Marianne Brattås	2 år
	Bjørg Nesteby	2 år
	Sølvi Karlstad	2 år
Revisor	Solveig Irene Skøien	2 år
Revisor	Birger Bache-Mathiesen	2 år

Vedtak: Valkomiteen sitt forslag vedtatt

Følgjande var ikkje på val:

Styremedlem	Håkon Roer-Eide
Kasserer	Helge Valvik

Leiar Even Fyhri legger frem forslag til ny valgkomite

Leiar	Truls Johnsen	1 år
Medlem	Lars-Petter Lorentzen	2 år
Medlem	Anton Haglerød	1 år

Vedtak: Forslag vedtatt

Marianne Brattås
Referent